

Karen Malena Kylløsø

er vinnar av Pilt-Ola prisen 2025

Juryen si grunngjeving:

Årets vinnar har som Pilt-Ola sjølv vandra det som for dei fleste av oss er ufatteleg lange distansar. Ho gjev inspirasjon om det å setja seg høge mål og arbeida systematisk for å nå dei. Ho er ein god representant frå og ambassadør for Ryfylke.

I januar 2025 blei Karen Malena Kylløsø frå Årdal den yngste i verda til å nå Sørpolen åleine. Det er ein utruleg prestasjon som vitnar om rå styrke, mot og vilje. Dette har gjeve henne stor merksemd og har slik også bidrege til å løfta fram Ryfylke internasjonalt.

Karen er eit friskt pust og ein sterk stemme for friluftsliv og turglede i Ryfylke. Som ung og urredd tek ho modige steg for å setja Ryfylke på kartet, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Med sin entusiasme og ekte kjærleik til naturen motiverer ho andre til å koma seg ut, og er ein inspirerende rollemodell for den yngre generasjonen.

Karen viser at turglede handlar om meir enn bare å nå toppen. Turglede er også fellesskap, meistring og stoltheit over eigen region, og Ryfylke som ein destinasjon for unike friluftsopplevingar.

Karen er ein verdig vinnar av Pilt-Ola prisen 2025 fordi ho skaper ringverknadar utover seg sjølv og byggjer stoltheit rundt naturen vår. Ho viser at med lidenskap og mot kan éin person gjera ein stor forskjell, både for regionen og for alle som drøymmer om å følgja sine egne spor i naturen, og i livet.